

# Overgangsplan

for aldersgruppe 0 - 16 år



Time kommune



## ***Innhald***

<b>Innhald .....</b>	<b>1</b>
<b>Innleiing .....</b>	<b>3</b>
Kvifor fokusera på overgangar? .....	3
For å få ein god overgang frå barnehage til skule .....	4
<b>Intensionar og føringer for samarbeidet om overgangane .....</b>	<b>4</b>
Samarbeid .....	5
Samarbeid med foreldra .....	6
Teieplikt.....	6
<b>Oppstart i barnehage .....</b>	<b>7</b>
<b>Overgang mellom barnehagar .....</b>	<b>7</b>
<b>Overgang barnehage-skule/SFO .....</b>	<b>8</b>
<b>Overgang barneskule-ungdomsskule .....</b>	<b>9</b>
<b>Overgang ungdomsskule-vidaregåande .....</b>	<b>10</b>
<b>Barn med særskilde behov (0-16 år).....</b>	<b>11</b>
<b>Fleirspråklege barn .....</b>	<b>11</b>
<b><i>Skjema, overgang barnehage-skule .....</i></b>	<b>12</b>

## Innleiing

Overgangsprosessar er sårbare og kan støtta eller svekka eit barn si utvikling, sjølvbilete og livskompetanse. Hovudmålet med føringar for overgangar er å gjera overgangane så trygge som mogleg, samt å sikra kontinuitet og heilskap i utdanningsløpet. Planen gjeld overgangane til og mellom barnehage, SFO, barneskule og ungdomsskule. Barn og unge skal oppleva at opplæringstilboda heng saman, og at kvar og ein vert ivaretatt ut frå eigne føresetnader og behov.

Planen er politisk behandla i 2009 og revidert i 2016. Planen vil bli evaluert jamleg. Oppdatert plan ligg på kommunen si heimeside.

## Kvifor fokusera på overgangar?

Tilknytning er nødvendig for å sikra eigen tryggleik og overleving (Broberg, Hagstørn, Broberg 2013). Før oppstart i barnehage har dei fleste barn utvikla tilknytning til ein eller to personar, vanlegvis foreldra. Barnehagen si viktigaste oppgåve ved oppstart blir derfor å organisera overgangen og tilvenninga slik at barnet kan utvikla trygg tilknytning til ein eller fleire nye vaksne i barnehagen.

Tidlege erfaringar har stor betydning fordi barnehjernen er veldig lett å påverka dei første leveåra. Erfaringar som vert gjort i denne perioden vert ikkje berre lagra psykologisk, men også biologisk i barna (Drugli).

Forskinsresultat frå USA meiner å kunna påvisa at overgangen frå barnehage til skule er viktig fordi han kan leggja føringar for heile skulegangen, for sjølvbiletet og for seinare livskompetanse. (Pianta & Kraft – Sayre 2003, Løge et.al. 2003)

Overgangar er ein naturleg del av livet, og er omfattande prosessar. Dei omfattar ikkje berre det einskilde barnet og møtet med nye omsorgspersonar, andre barn, klassekameratar og nye rammelektorar. Heile familien og lokalmiljøet blir omfatta av overgangane. Overgangar som er godt førebusse, er best for barn og føresette, og godt samarbeid om overgangen har ein førebyggjande effekt.

Det er tre viktige faktorar som må vera på plass for at overgangen skal bli vellukka:

- barnehage og skule må vera klar til å ta imot barnet
- barnet må oppleva deltaking og støtte frå nærmiljøet
- foreldre og barnehage/skule må førebu barnet på den nye situasjonen

Det er viktig at det blir utveksla informasjon om det enkelte barn, forholdet mellom barna og om dynamikken i barnegruppa. God hjelpe i tilknytningsprosessen er bruk av overgangsobjekt som tutt, kosedyr, bilete av familie, teikningar, historier og liknande som får følgje med barnet til barnehagen og skulen. (Gerd Abrahamsen 1997, Brostrøm 2002)

Kvaliteten på samarbeidet mellom heim og barnehage/skule betyr mykje for korleis barnet finn seg til rette ved overgang til ny plass. (H. Fabian 2000)

Når foreldra kjenner seg trygge i forhold til den nye situasjonen, blir dei også betre i stand til å støtta barna sine i overgangen. (Johansson og FOU prosjekt Kvernaland barnehage).

Overgangar kan representera nye mogelegheiter for læring for barn, men det ligg også ein risiko i at barn som erfarer vanskelege overgangar, får problem med å finna seg til rette. Det kan vera til hinder for seinare læring. (Kagan and Neuman 1999, Rimm – Kaufmann & Pianta 2000, Wagner 2002)

Ved overgang til vidaregåande skule, veit me at enkelte ungdomar fell ut av skulesystemet anten ved at dei ikkje startar på vidaregåande skule, eller at dei sluttar av før dei har fullført. Det er viktig at det vert arbeidd førebyggjande og at ulike aktørar samarbeider i forhold til ungdom som kan droppa ut. Det krev at det er gode rutinar for samarbeidet, og at arbeidet må starta i god tid før dei sluttar på ungdomsskulen. Det må være avklart kven som overtek stafettpinnen umiddelbart etter at skulane sitt formelle ansvar for ungdomane er avslutta. (Nova rapport 1/2015)

### **For å få ein god overgang frå barnehage til skule**

...treng barn å vita noko om desse faktorane: (H. Fabian 2002)

- å bli kjent med det fysiske miljøet
- å få kjennskap til kven og korleis læraren er
- å få ein ide om kva slags aktivitetar som skjer på skulen
- å få vita noko om systemet/reglane.

På bakgrunn av det dei ulike forskarane som er nemnde ovanfor seier, er det svært mange gode grunnar for å prøva å gjera overgangane så gode som mogleg.

Dei føringane som er lagt opp i denne planen, er eit minstekrav. Det er fullt mogleg å gjera meir i dei ulike krinsane, men ikkje mindre enn det planen tilseier.

### **Intensjonar og føringar for samarbeidet om overgangane**

Rammeplanen kapittel 5 – Samarbeid – seier mellom anna:

*"Barnehagen skal, i samarbeid med skolen, legge til rette for barns overgang fra barnehage til første klasse og eventuelt skolefritidsordning. Dette skal skje i nært samarbeid med barnets hjem. Planer for barns overgang fra barnehage til skole må være nedfelt i barnehagens årsplan. ...*

*Barnehage og skole bør gi hverandre gjensidig informasjon om sine respektive virksomheter. ...*

*Dersom det er behov for omfattende tilrettelegging, må samarbeidet etableres i god tid før barnet begynner på skolen.*

*Barn i barnehagen kan sogne til flere skoler. Den enkelte kommune må finne hensiktsmessige løsninger på hvordan barnehagen og skolen konkret skal samarbeide.”*

I forordet til Kunnskapsløftet står det:

*“For barn og unge er skolen ein del av ein lang læringsprosess, som startar med barnehagen og endar med deltaking i yrkes- og samfunnslivet”*

I innleiinga til prinsipp for opplæringa er det vidare presistert:

*“Fellsskolen skal ha ambisjoner på elevenes vegne, gi dem utfordringer og mål å strekke seg etter. Samtidig skal skolen og lærebedriften ta hensyn tli elevenes ulike forutsetninger og progresjon, slik at alle kan oppleve gleden ved å mestre og nå sine mål.”*

I St.meld.nr.16 ”...og ingen sto igjen”, 1.4 Bedre muligheter for alle, står det:

*“Stortingsmeldinga legger til grunn at gjennomgående god tilgang, kvalitet og sammenheng i utdannings- og kompetancesystemet kommer alle barn, unge og voksne til gode, men at det har særlig stor betydning for grupper og individer som står i fare for å ikkje lykkes i utdanningssystemet. Tiltak som sikrer utdanning og kompetanse for disse, vil også være gode tiltak for alle.”*

Forsking seier dette om overgangen barnehage skule:

- skulen må vera klar til å ta imot barnet
- barnet må oppleva deltaking og støtte frå nærmiljøet
- barnehagen må forplikta seg på å førebu barnet

Forsking seier at barnet treng:

- å bli kjent med det fysiske miljøet
- å få kjennskap til kven og korleis læraren er
- å få ein ide om kva slags aktivitetar som skjer på skulen
- å få vita noko om systemet/reglane.

Det er lite forsking på overgangen Barneskule – ungdomsskule. Det er all grunn til å tru at dei same faktorane som gjeld frå barnehage til skule òg vil gjelda for å få til ein god overgang til ungdomsskulen.

## Samarbeid

Hovudansvaret for samarbeidet om overgangar 0-16 ligg hos styrar og rektor.

Pedagogiske leiarar, kontaktlærarar, leiar i SFO og avdelingsleiarar er viktige partar for vidare oppfølging.

Einingane må sikra at dei har gode planar og rutinar for interne overgangar som skjer i kvardagen. Dette kan gjelda overgang frå småbarnsgruppe til stor avdeling i barnehage, endring når det gjeld samansetning av klassegrupper og overgang frå skule til SFO.

## Samarbeidsområde

For å sikra godt samarbeid er det delt inn i 6 samarbeidsområde

1. Vestly idrettsbarnehage, Monsanut barnehage, Lyefjell barnehage, Sporvongane barnehage, Lye skule og Lye ungdomsskule
2. Undheim barnehage og Undheim skule
3. Haugland gardsbarnehage, Hognestad skule og Bryne ungdomsskule
4. Frøyland barnehage, Ådalen barnehage, Kvernaland barnehage, Frøyland skule og Frøyland ungdomsskule
5. Austbø barnehage, Espira Ree barnehage, Spødarbakken barnehage, Skulegata barnehage, Barnehagen i Bryne kyrkje, Nubben familiebarnehage og Bryne skule
6. Vestly idrettsbarnehage, Nyland barnehage, Maurtuå barnehage, Jærbarnehagen, Eivindsholen barnehage, Trollongane barnehage og Rosseland skule

Barnehagar som har barn som skal starta på andre skular enn i samarbeidsområde sitt, har ansvar for å ta kontakt med aktuell skule.

- Kvart samarbeidsområde skal utarbeida eigne planar for overgangsarbeidet.
- Planen skal evaluerast kvart år.

## Samarbeid med foreldra

Samarbeid med foreldra er heimla både i Opplæringslova og Lov om barnehager (barnehageloven). I barnehageloven §1. Formål, står det:

*"Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling."*

I Opplæringslova §1-2. Formålet med opplæringa står det m.a:

*"Opplæringa i skole og lærebedrift skal, i samarbeid og forståing med heimen, opne dører mot verda og framtida og gje elevane og lærlingane historisk og kulturell innsikt og forankring.."*

## Teieplikt

Teieplikta er regulert både i forvaltningslova og i ulike særlover. Enkelte særlover omtalar og opplysningsplikt til barnevernet.

## **Oppstart i barnehage**

- Mål:
- Sikra mest mogleg tryggleik for barn og foreldre/føresette.
  - Gje eit positivt inntrykk av barnehagen.

<b>Tid</b>	<b>Tiltak</b>	<b>Deltakare</b>	<b>Ansvar</b>
Før oppstart i august	Informasjonsbrev til foreldre/føresette		Styrar
April-mai-juni	Foreldremøte/temakveld Oppstartssamtale Besøk i barnehagen	Foreldre/føresette, personale frå barnehagen Barn og foreldre/føresette	Styrar Pedagogisk leiar
Oppstart i august	Eigen plan for oppstart Foreldresamtale	Kontaktperson i barnehagen og foreldre/føresette	Styrar/pedagogisk leiar Pedagogisk leiar
Tilpassa tilvenning	Barnehagen har faste rutinar Foreldremøte/temakveld	Foreldre/føresette og kontaktperson (tilknytningsperson) i barnehagen	Styrar/ped.leiar

## **Overgang mellom barnehagar**

- Mål:
- Barna kjem til ein barnehage som dei kjenner og som kjenner dei.
  - Sikra mest mogleg tryggleik for barn og foreldre/føresette.
  - Sikra at viktig informasjon vert vidareført.

<b>Tid</b>	<b>Tiltak</b>	<b>Deltakare</b>	<b>Ansvar</b>
Før oppstart i ny barnehage	Innhenta skriftleg løyve til å overføra informasjon Planlegga overgangen	Foreldre/føresette, personale frå gammal og ny barnehage	Styrar i barnehagen der barnet kjem frå. Styrar i den barnehagen barnet kjem frå

## **Overgang barnehage-skule/SFO**

Samarbeidsområda utarbeider eigen plan

- Mål:
- Barna kjem til ein skule som dei kjenner og som kjenner dei.
  - Det er heilskap mellom barnehage og skule/SFO.
  - Informasjon om barnet vert vidareført.

<b>Tid</b>	<b>Tiltak</b>	<b>Deltakare</b>	<b>Ansvar</b>
Oktober	Innhente samtykke fra foreldre/føresette om overføring av informasjon til skulen.	Foreldre/føresette og pedagogisk leiar	Styrar
	Skulane får liste med oversikt over nye barn innan utgangen av oktober.		Kommunalsjef
November	Elevar som skal starta i 1. trinn får i november brev om kva skule dei hører til.	Barneskular og føresette	Skuleleiing barneskular
1. desember	Frist for å søkja anna skule enn nærskulen for elevar som skal starta i 1. trinn.	Føresette og barn	Føresette
November-januar	Møte mellom skule og barnehagar i samarbeidsområdet. Gjennomgang av barneliste. Gjennomgang av lokal plan for overgang.	Rektor og styrar i aktuelle barnehagar.	Rektor
	Foreldremøte. Registrering av nye barn til skulen.	Foreldre/føresette, rektor, inspektør og SFO leiar.	Rektor
Våren før skulestart	5 åringane vitjar skulen etter oppsett plan.	Barn og personale i barnehagen	Styrar/rektor
April	Foreldresamtale i barnehagen med fokus på skulestart.	Foreldre/føresette og pedagogisk leiar	Pedagogisk leiar
Mai	Overføringsamtalar. Skjema blir brukt.	Kontaktlærarar og pedagogiske leiarar.	Styrar/rektor
Mai/juni	Besök på skulen.	Barn og kontaktlærarar	Rektor
Mai/juni	Foreldremøte	Foreldre/føresette, kontaktlærarar.	Rektor

## **Overgang barneskule-ungdomsskule**

Samarbeidsområda utarbeider eigen plan

- Mål:
- Barna kjem til ein skule som dei kjenner og som kjenner dei.
  - Informasjonen om barnet vert vidareført.

Tid	Tiltak	Deltakare	Ansvar
Oktober	Elevar som skal starta i 8. trinn får informasjon om kva ungdomsskule dei høyrer til i Visma Flyt skule etter 1. oktober.	Barneskulane	Fagstab skule Saksbehandlar skule
Oktober	Utviklingssamtalen har fokus på informasjon som skal førast vidare til ungdomsskulen, for elevar med spesielle behov (elevar med iop og elevar som treng spesiell tilrettelegging)	Foreldre/føresette, barn og kontaktlærar	Rektor på barnetrinnet
November/ desember	Møte mellom barneskule og ungdomsskule. Gjennomgang av det store bildet. Gjennomgang av plan for overgang.	Trinnleiar/inspektør, spes.ped koordinator og sosiallærarar.	Rektor på ungdomstrinnet.
1. desember	Frist for å søka om anna ungdomsskule enn nærskulen.	Foreldre/ føresette, barn	Foreldre/ føresette
Våren før overgang	Ungdomsskuleelevar møter 7. trinnet på heimeskulen og fortel om korleis overgangen var. Ungdomsskulen informerer om valfag og språk.	Kontaktlærarar og elevar på begge skulesлага.	Rektor på ungdomstrinnet.
Våren før overgang	Informasjonsmøte for foreldre/føresette. Rådgivar er med på møtet.	Foreldre/føresette, trinnleiar, rådgivar og rektor på ungdomstrinnet	Rektor på ungdomstrinnet.
Våren før overgang	Utviklingssamtale med fokus på overgangen til ungdomsskulen. Bruker Visma Flyt skule, evt utskrift av halvårsvurderinga.	Foreldre/føresette, barn og kontaktlærarar.	Rektor på barnetrinnet.
Mai	Overføringssamtalar. Utskrift frå VFS blir levert til u-skulen i møtet.	Kontaktlærarar på barnetrinnet, trinnleiar, soslærar og speskoordinator på u- trinnet.	Rektor på ungdomstrinnet
Juni	Foreldremøte	Føresette, trinnleiar, rektor og nye kontaktlærarar.	Rektor og inspektør på u-trinnet.
Juni	Skulebesøk for å treffa kontaktlærarar og elevar i ny elevgruppe.	Barn, kontaktlærarar på begge skuleslag.	Rektor ungdomstrinnet og rektor på barnetrinnet.

Tid	Tiltak	Deltakare	Ansvar
Juni	Elevane vert delt inn i grupper, jamnast mogleg fordeling av gutter og jenter.	Etter avtale mellom barne- og ungdomstrinnet	Rektor ungdomstrinnet

## Overgang ungdomsskule-vidaregåande

Formål	Sikra system for samhandling ved overgang frå grunnskule til vidaregåande opplæring for elevar som står i fare for å ikkje fullføra vgo.
Definisjonar	Kriterie for utval av elevar: fråvære, grunnskulepoeng under 30 poeng, karakternivå i faga kroppsøving og matematikk, psykososiale problem /oppfølging av helsesøster. Gjeld ikkje elevar med vedtak etter §5 i opplæringslova.
Samhandling	Det skal årleg vera møte Bryne vidaregåande skule og alle ungdomsskulane i Time kommune i løpet av mai månad
Samhandlings-ansvar Time kommune	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Kalla inn til årleg møte med alle ungdomsskulane i Time og Klepp i løpet av mai månad</li> <li>2. Vurdera kva elevar som kjem inn under eit eller fleire av kriteria på sin skule.</li> <li>3. Sjekka ut med kontaktlærar: kva tiltak er prøvd ut tidlegare? Kva har fungert? Kva har ikkje fungert?</li> <li>4. Har eleven hatt oppfølging frå helsesøster?</li> <li>5. Ha samtalé med elevane, evt også føresette, for å finna ut om det er spesielle utfordringar knytt til å begynne på vidaregåande skule og om dei har tankar på kva som kan gjera overgangen lettare</li> <li>6. Ha fått samtykke frå elev og føresette til å gi aktuelle opplysningar vidare til Bryne vidaregåande skule</li> <li>7. Ha kunnskap om kva vidaregåande skule eleven har søkt på</li> <li>8. Rådgjevar skriv avtale om deltaking på sommarforkurs med elev og foreldre</li> </ol> <p><b>Ansvar:</b> rådgjevar ved den enkelte ungdomsskule</p>
Samhandlings-ansvar Bryne vidaregåande skule	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Sjekka kva vidaregåande skule desse elevane skal begynne på før dei sluttar i ungdomsskulen</li> <li>2. Dersom behov: oppretta kontaktperson på Bryne vidaregåande skule som vedkommande elev kan ha kontakt med før skulen startar opp og i løpet av skuleåret</li> <li>3. Følgja opp dei utfordringane som kjem fram rundt den enkelte elev</li> </ol>

	<p>4. Sikra deltaking ved sommarforkurs  <b>Ansvar:</b> sosialrådgjevar ved Bryne vidaregåande skule</p>
--	--

**Barn med særskilde behov (0-16 år)**

- Mål:
- Skapa mest mogleg tryggleik for barn og foreldre/føresette ved overgang.
  - Sikra at kompetanse rundt barnet vert i varetatt.
  - Ny institusjon får tid til å laga eit godt tilrettelagt opplegg til beste for barnet.

Tid	Tiltak	Deltakare	Ansvar
Oppstart i barnehage	Informasjonsmøte om behov og tiltak.	Foreldre/føresette, barnehage, PPT og eventuelt andre hjelpetenester.	styrar
To år før skifte	Melding om barn med særskilde behov for tilrettelegging av det fysiske miljøet og behov for kompetanse i personalgruppa	Barnehage/skule/PPT	Styrar/rektor
Hausten før skulestart	Barn med søknad om enkeltvedtak vert informert om på samarbeidsmøte	Styrar og rektor, eventuelt PPT	styrar
Våren, året før overgang	Ta med medlem i ansvarsgruppe/samarbeidsgruppe frå ny instans.  Laga plan for overgangen. Barn som har individuell plan (IP) nyttar dette verktøyet vidare.	Medlemmer i grupper	Koordinator/styrar/rektor.
Innan mars	Informasjon om skulestart/tilbod mm.	Foreldre/føresette	Styrar/rektor

**Fleirspråklege barn**

- Mål:
- Skapa mest mogleg tryggleik for barn og foreldre/føresette
  - Barnehage og skule førebur eit godt tilrettelagt tilbod til beste for barnet

Tid	Tiltak	Deltakare	Ansvar
Oppstart i barnehage	Besøksdag, med tolk el andre som kan norsk  Tilpassa startsamtale med tolk Vurdere bruk av tolk eller tilsette som har same språk i tilvenningsfasen	Føresette, ped.leiar, tolk	styrar
Overgang til skule	For barn som har gått mindre enn 6 mnd i barnehage skal det vurderast behov for støtte ved skulestart	Føresette, barnehage, skule	Styrar

Tid	Tiltak	Deltakare	Ansvar
Språkstasjon til skule	Overflytting i naturlege overganger (for eksempel etter feriar) Sjå eigen plan	Føresette/rektor	Rektor/rektor

### **Skjema, overgang barnehage-skule**

Frå \_\_\_\_\_ barnehage

Til \_\_\_\_\_ barnehage/skule

Barnets namn: \_\_\_\_\_

Fødd: \_\_\_\_\_

Foreldre/føresette: \_\_\_\_\_

Barnet bur saman med: \_\_\_\_\_

Allergiar/ medisinsk: \_\_\_\_\_

(bilete av barnet)

### **Når starta barnet i barnehage og kva barnehagar har barnet gått i?**

#### **Kven fungerer barnet bra saman med?**

#### **Korleis er barnet i høve til:**

- **Sosialt** (venta på tur, ta i mot beskjedar, ta ordet, innretta seg i grupper, jobba sjølvstendig og liknande)
- **Språkleg:** (språkutvikling, fleirspråklig, deltatt i f.eks. Grep om begreper eller språkgrupper)
- **Interesser:**
- **Anna som skulen bør ha kjennskap til:**

### **Kva var måla på siste foreldresamtale/utviklingsamtale?**

**Vedlegg ved behov:** (f.eks. referat frå foreldresamtale, oppsummering av TRAS skjema eller anna)

**Har andre hjelpeinstanser vore involvert? (PPT, barnevern, familiesenter, BUP?)**

Ped.leiar, dato:

---

Foreldre/føresette, dato:

---